

Nordiske kvinner mot vold, 3 – 5. september i Kristiansand

"Business med buksene på" – Etske retningsliner mot kjøp av seksuelle tenester

Av politisk rådgjevar Astrid Apalset Vassbø

Gode deltakarar!

Takk for innbyinga til å seie nokre ord under opning av denne viktige konferansen. Eg har fått i oppdrag å presentere litt om dei etske retningslinene som staten har vedteke mot kjøp og aksept av seksuelle tenester. Det vil eg gjere gjennom å gå runden via menn sin vald mot kvinner for å vise den samanhangen dei etske retningslinene bør og må sjåast i.

Fyrst må eg seie at det er viktig at det vert halde denne type nordiske og internasjonale konferansar om menn sin vald mot kvinner, og at det er flott at Krisesentersekretariatet tek ansvaret for å være vertskap for og ta et slikt initiativ. Visjonen som er sett - "Ei verd utan menn sin vald mot kvinner" - er både visjonær og eigentleg eit sjølvsgagt mål. Ei verd utan

**vald kunne løyst mange problem, ikkje minst på det personlege plan, men
tenk òg på alle dei økonomiske midla som kunne bli fristilt til meir
lystbetonte ting!**

**Ein svært stor del av valden vert utført av menn. Vi kan nærast slå fast at
valden har eit kjønn, det er diverre knytt nært opp til det maskuline. Så
kan ein seie at kvinner òg kan vere valdelege, og det er rett – men omfanget
er så utruleg lite samanlikna med den delen menn står for. Vi skal sjølsagt
ta på alvor at og nokre kvinner ser ut til å rekne vald for eit høveleg middel
for å løyse konflikhtar, men vi må ha det rette perspektivet med oss.**

**Menn sin vald mot kvinner handlar om makt, men og om avmakt. Det blir
stilt høge krav til oss alle, men tendensen er ulik til dei ulike kjønna.**

**Likestillingstrenden har i stor grad tatt opp i seg at kvinner kan gå inn på
felt som tidlegare var forbeholdt menn, mens det i mindre grad har blitt ein
større arena for menn å spele på.**

**Aftenposten har den siste veka hatt fokus på mannsrolla; forventningar,
endringar og krav. Der blir det presentert eit nytt bidrag til det norske**

språk, omgrepet "knapsu". "Knapsu" er henta frå boka "Populærmusikk fra Vittula" av Mikael Niemi. Det er eit nedverdiggande ord, eit ord på det menn ikkje skal vere, nemleg "kjerringar". Det tek opp i seg det som er bra at menn meistrar i motsetnad til det dei ikkje skal meistre, menn skal lafte tømmer og mekke bil, men ikkje bruke symaskin eller pynte kaker.

Dessverre ser vi at mange gutar og menn manglar språk og alternative handlingar når dei har kjensler som avmakt, fortvilning, avvisning, redsle, usikkerhet. I mange miljø er det ikkje lagt opp til at dette er følelser menn òg har. Mange, både menn og kvinner, kjenner nok på at dei skal fikse alt – jobb, familie, økonomi, rusbruk, kropp, sex, trening - og ha kontrollen på kvardag og fest. Å leve opp til slike roller kan vere vanskelig for mange, men kvinner og menn har ulike måtar å takle dette presset på.

For mange menn er bruk av vald ein siste veg ut av forventningsklemme og maktesløyse.

Vi må ha tru på at vald kan stansast eller hindrast i å oppstå. Gutar er ikkje fødde valdsforbrytarar, men nokre gutar veks opp i eit miljø som gjer

at dei får ei "arveleg" belastning som fører vidare valdsovergrep som mønster. Nokre gutar er vitne til far sin vald mot mor. Då kan lett angsten vere med gjennom hele ungdomsåra, og viss det er slik ein ser at eigne førebilete – som jo far er – løyser problem, kan det lett bli slik at ein sjølv taklar utfordringar på same måte. Til tross for eigne erfaringar med at slik valdsbruk går ut over heile familien. Slik kan vald avle vald. Det er denne type vonde sirklar vi må bryte, det er denne type sosialisering i gutar sin oppvekst vi må søke å endre.

Mykje tyder på at jenter har eit større felt å utvikle sin kjønnsidentitet på enn gutar. At jenter vil bli som gutar er kulturelt og sosialt akseptert. Vi kan gå inn i leiande stillingar, styre landet eller bli brannmenn. At gutar vil gå inn i dei tradisjonelle jenterollene - "knapsu" - er mykje meir tabulagt og av mange sett på som å tape.

Bruk av vald og aksept av vald i miljø dominert av gutar er utbreidd og gjer grunn til uro, av di så mange seinare nyttar vald i nære relasjonar.

Kva kjem dette av?

Underholdningsindustrien presenterer svært ofte ei herleggjering av vald og eit reaksjonært syn på kjønn og roller. Denne industrien har interesse i nettopp å presentere mannen som den som ordnar opp, og kvinna som den som stør han i alt. Underholdningsvalden tar frå oss vår naturleg ibuande avsky mot vald som fenomen og handling, gjer vald vanleg og kulturelt akseptabelt. Vi kan bli stadig meir avstumpa i forhold til å reagere på slike handlingar. Det er store pengar ute i ein marknad som vil ha kjønnsbileta uendra.

I dette kulturelle landskap skal jenter og gutar utvikle seg til kjønna individer. Korleis vert dei møtt i det offentlege rommet, korleis blir dei forstått som kjønn, korleis oppfattar dei seg sjølv og sine roller? Dei fleste jenter har sine rollefigurar og levande førebilete av eige kjønn rundt seg til dagleg, i barnehagar, skuler og fritidsliv. Her blir kvinnerollene tydelege og personlege.

Men kva med gutane, som ofte manglar nærkontakt med førebilete av eige kjønn? Kven kan være korrektiv til dei maskuline valdspersonane som vert framheva i filmar, på internett eller i dataspel? Er det slik at om gutar

manglar levande førebilete, tek dei det som kulturen rundt dei speglar for å være maskuline idealar?

Underhaldningsvalden og fokuset på vald gjennom alle typar media er formidabel. Alt frå tekneserier, film og pc-spel har eit fokus på vald som sjølvsagt og lovlig, nesten uunngåeleg som middel for å syne at du tilhøyrer "the good guys". Førebyggjande valdsarbeid må ta tak i det offentlege rommet parallelt med andre typar av tiltak.

Eit samfunnsperspektiv på menn sin bruk av vald er heilt nødvendig for å kunne sjå samanhengen mellom mannen sin vald, makt- og kontrollstrategiar og mangel på kjønnslikestilling som ein av fleire grunner til vald mot kvinner. Perspektivet tydeleggjer samanhengen mellom menn sin bruk av vald og samfunnet sin idyllisering og ufarleggjering av vald, på same tid som brutalitet og dominant maskulinitet vert dyrka.

Kontroll, styrke og aggressivitet blir sentrale komponentar i bygginga av mange menn sin identitet. Mangel på bevissthet om ulik kjønns sosialisering i det offentlege rom fører til at mannen sitt sosiale kjønn stadig vert

rekonstruert i kraft av forestellinga om makt og kontroll, mens kvinna si posisjon er underordna og tilpassa mannen sin dominans. I dette perspektivet er det både viktig og naudsynt at styresmaktene tek initiativ for å medverke til å endre mannen sin rolle, som til dømes gjennom styrking av pappapermisjon og tilrettelegging for å få fleire menn inn i omsorgsyrka, for å nemne noko.

Valden som nokre menn nyttar i sine nære relasjonar har ført til at Regjeringa i 1999 lanserte ein handlingsplan mot vald mot kvinner. Juni i år blei planen vidareutvikla i ein ny handlingsplan "Vold i nære relasjonar". Planen har fire fokus eller hovudtiltak –

A. Samarbeidskompetansen og kunnskapen i hjelpeapparatet skal styrkast

B. Vald i nære relasjonar skal gjerest synleg og førebyggjast gjennom å endra haldningar

C. Offer for vold i nære relasjonar skal sikrast tilstrekkeleg hjelp, vern og bistand

D. Valdsspiralen skal bli broten ved å styrke behandlingstilbodet til valdsutøvarer

Sagt med andre ord – vald er ikkje eit sektorproblem, heile hjelpeapparatet må ha fokus på vald, elles får ikkje offer den hjelpa dei treng.

Valdsutøvaren må få eigna behandling.

Seksualisert vald

Menn sin vald mot kvinner dreier seg og om seksuell vald – direkte gjennom valdtekt eller anna seksuell vald eller tvang, eller indirekte gjennom aksept av eller kjøp av seksuelle tenester. Eg har merka meg kampanjen det danske Social- og Ligestillingsministeriet har starta, der forsidedeksten på eit av postkorta som vert delt ut har form av ein sexannonse i Extrabladet med følgjande tekst:

Sexglad luksusvenninde

Debuterende, superhotte, uhæmmet liderlige, legesyge, frygtende hva de vil gøre med hendes datter hjemme i Litauen, hvis hun ikke fortsætter med at være varmblodig, franskhungrende missekat – telefon 70202550. Ring anonymt og hjælp os med at give pigerne en udvej. Så seier dei til slutt at ein kan få vite meir på heimesidene til departementet.

(www.ligwestillingsminister.dk.)

Slik får ministeriet satt fokus på at dei som blir kjøpt, ikkje er frivillige glade horer. Kjøparen kan aldri vite kven den prostituerte er og kvifor ho tyr til sal av kroppen sin for å overleve. Myten om den glade hore som nyt sine menn med omtanke og varme av eit reint overskot av kjærleik er sørgjeleg til stades i verdsbiletet til mange menn. Realiteten er at naud, tvang og hjelpeløyse driv kvinner inn i denne type liv. Sal og handel med kvinner er, på line med ulovleg sal av våpen og narkotika, bland verdskriminaliteten sine mest innbringande kjelder. Dermed kjem dei som vert utsette for denne type handel i livsfare og vert behandla som forbruksvare etter verdi i marknaden. For nokre ender det med døden.

Business med buksene på er eit treffande uttrykk. Men sjølvsagt kan personar på reise framleis møte den store kjærleiken! Kjærleiken treff fortsett mange, og så får det bli den einskildes personlege val korleis ein vil praktisere denne – sjølv om vi i Kristeleg Folkeparti så gjerne uttalar oss, i alle fall i følge media.

Vi er sjølvsagt ute etter den betalte og kjøpte, såkalla kjærleiken – eit ord eg elles har store problem med å akseptere i ein slik samanheng. Det er vanskeleg å skjøne at nokre menn forbinder denne typen av vareformidling med kjærleik.

Mykje er lettare å gjere til lenger du kjem heimafrå. Det er eit underleg faktum at nokre som aldri ville finne på å kjøpe sex i heimlandet, men som i den augneblunken dei trør over ei landegrense også trør over ei rekke andre grenser, og kjøper sex for spenninga eller behovet si skyld.

Retningslinene

Tove Smaadahl seier i si innbyding til oss at ho er stolt over at denne Regjeringa har fått på plass etiske retningsliner for statstenestemenn mot kjøp og aksept av seksuelle tenester.

Vi er òg stolte –ei barriere er brote. Ved å vedta slike retningsliner seier ein indirekte at slikt faktisk finn stad, og at dei som representerer statleg styremakt ikkje skal nytte seg av denne type menneskeleg handel. For det er det prostitusjon dreier seg om – at kvinnekjønnet blir ei vare som menn betaler for. Så lenge det er etterspurnad, er det ope for den storstilte

slavehandelen som går føre seg – ofte med kvinner og barn frå fattige til rike områder. Menn har eit eige ansvar for å medverke til at denne etterspurnaden blir lågare. Dei etiske retningslinene blir eit reiskap i så måte.

Kort fortalt ble retningslinene innført i oktober 2002. Føremålet var at vi ville gå føre med eit godt eksempel og regjeringa oppmoda andre arbeidsgivarar om å gjere like eins.

- PAUSE -

Ein øyredøyvande stille kom i etterhand. Media har ikkje nettopp kasta seg over sjølve innhaldet i saka. Det har heller ikkje etter vår kjennskap vore eit rush av andre store arbeidsgjevarar som har kasta seg på trenden. Det tyder sjølvsagt ikkje at vi skal gje opp! I aktuelle samanhengar bør vi ta opp kor viktig denne markeringa er: Å kjøpe sex som del av ei reise eller eit oppdrag er forkasteleg. Vi skal markedsføre retningslinene i internasjonale fora.

Det er interessant å sjå at heller ikkje Sverige, som har forbod mot kjøp av sex innanlands, har innført denne type retningsliner for statstilsette på oppdrag i utlandet. Dette tek eg med for å syne at det ser ut til å være veldig stor uvisse om tydinga av slike retningsliner, og at ein finn stor uro for å skulle trå dei reisande menn på tærne. Men om dei ikkje har intensjonar om slik aktivitet, har dei heller ikkje noko å bli fornærma over om ein tek det opp!

Eg verken trur eller meiner at statstenestemenn er verre enn andre menn i andre bransjar. Det skal ikkje leggest skjul på at slike argument kom fram i diskusjonen rundt skipinga av retningslinene. Når ingen andre hadde slike retningsliner kunne det jo bli oppfatta slik at statstilsette trong slike retningsliner meir enn andre. Saken var vel heller at ein ynskte at statleg tilsette skulle vere føregangsmenn – og trendsetjarar – på eit viktig felt.

No har vi fått retningslinene. Men vi skal merke oss at dette er kontroversielt – ingen vil bli sett på som brukar av slike tilbod. Men vi vet at det går føre seg i stor skala. Det finst i land med FN-oppdrag, i samband

med forretningsreiser, eller som smørjing eller påskjøning av forretningsreisande. Det er med doping av idrettsstjerner som med kjøp av seksuelle tenester. Det er "dei andre" som gjer slikt – ikkje vi. Difor er det sjølv sagt ikkje nok at staten innfører slike retningsliner.

Vi må få andre bransjar og organisasjonar med oss – alt som ledd i det store prosjektet: Å fjerne så mykje av etterspurnaden at handelen med kvinner og barn ikkje lenger er lønsam. Retningslinene er viktige som signaleffekt frå samfunnet, - sexkjøp er forkasteleg, fordi du etter alt å dømme kjøper eit offer.

Statoil var tidleg ute og profilerte det høgt at dei òg har slike retningsliner. Vi ser at Redd Barna og Røde kors og har vedtatt slike, det er bra. Det same gjeld _____. Men så etterlyser vi resten: Andre oljeselskap, reiarlag, flyselskap – det er mange med stor, internasjonal aktivitet.

I sommar kom undersøkinga "Kjøper ekte mannfolk sex" om horekundar i Noreg. Undersøkinga var utført av Elin Klippe ved Institutt for kriminologi og retts sosiologi ved Universitetet i Oslo. Granskinga viste at dei fleste av sexkjøparane i Noreg er etnisk norske menn. Rapporten er basert på intervju med 20 menn som kjøper eller har kjøpt seksuelle tenester. Det kjem her fram at ni av mennene mener kjøp av seksuelle tenester er delvis akseptert. Ein av kundane fortel at synet på prostitusjon har endra seg de 10 siste årene, og at samfunnet er blitt meir liberalt.

I rapporten skriv Kippe at fleire av kundene har en markedsliberalistisk holdning til kjøp av seksuelle tenester: (Sitat:)"...Dessuten betraktet flere av mennene sexkjøp som en form for rekreasjon, i likhet med å benytte andre tjenester, som for eksempel å gå til frisøren eller på restaurant.

Mange sammenlignet sexkjøp med en hvilken som helst annen tjeneste eller gode som er tilgjengelig i samfunnet".

Dette seier mykje om ei haldning som kanskje er meir utbreidd enn vi ynskjer å tru. Difor er det så viktig at store arbeidsgjevarar, i sær der det er vanleg at dei tilsette reiser innanlands eller utanlands som del av

arbeidet, innfører tilsvarende regler for gjere tydeleg at sexkjøp er uakseptabelt .

Eg vil til sist nytte høvet til å oppmode alle dei nordiske landa til å arbeide for å få innført ein type etisk atterhald eller stillingsinstruks der kjøp eller aksept av seksuelle tenester ikkje kan akseptast og/eller er i strid med stillinga til offentleg tilsette. Slik vil vi kunne gje eit klart kulturelt felles nordisk signal om at kjøp av seksuelle tenester er uakseptabelt.

Lykke til med denne viktige konferansen, og takk for meg!